

REGIONALT SAMARBEIDSORGAN FOR FORSKING OG INNOVASJON

Dato	19. juni 2017 kl 10:30 – 14:30
Stad	Clarion Hotel Bergen Airport
Til stades	Baard-Christian Schem, Helse Vest RHF, leiar Berit Rokne, Høgskulen på Vestlandet Gunnar Mellgren, Helse Bergen HF (vara for Clara Gram Gjesdal) Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF Jarle Eid, Universitetet i Bergen Marit Boyesen, Universitetet i Stavanger Marit Solheim, Helse Førde HF Robert Bjerknes, Universitetet i Bergen (vara for Dag Rune Olsen) Svein Skeie, Helse Stavanger HF Kristin Akerjordet, Universitetet i Stavanger (er vara for Marit Boyesen, men deltok som observatør) Linn Bæra, Brukarrepresentant, observatør Petter Thornam, Haraldsplass Diagonale Sykehus, observatør Ernst Omenaas, sekretariatet Nina Ånensen, sekretariatet Sølvi Lerfald, sekretariatet
Forfall	Clara Gram Gjesdal, Helse Bergen HF Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen Nina Langeland, Universitetet i Bergen Hilde Jerkø, Forskningsrådet, observatør

Sak 07/2017 Godkjenning av saksliste og referat

Det var ingen innvendingar mot innkalling, saksliste eller referat.

Vedtak

- Innkalling, saksliste og referat blei godkjent

Sak 08/2017 Søknadsprosessen 2018

Samarbeidsorganet diskuterte endringar i søknadsprosessen som følgje av evaluering av fjorårets prosess:

- 1) Korttidsstipend for fullføring av doktorgrad blir ikkje lyst ut for 2018.
- 2) Retningslinjer for tilbakemelding og klage tilgang er presisert for å tydeleggjere at berre saksbehandlingsfeil er gyldig grunn for å klage på avslag. Det er ingen endring i praksis, men eksisterande ordlyd i retningslinjene kunne tolkast til at det var opning for å klage på utøving av fagleg skjønn. Dette er ikkje tilfelle og retningslinjene er derfor presisert.
- 3) Retningslinjer for karrierestipend er presisert for å tydeliggjere krav om sjølvstende for kandidatane og at det er forventa at mottakar av stipendet skal vera i stand til å bygge opp eit forskingsmiljø. Dette er noko som vil leggjast vekt på i vurderinga av søknadar.

- 4) Det blir innført ein ny søknadskategori for kliniske forskarstipend med følgjande føringar:
- Det skal tildelast fire til seks kliniske forskarstipend for 2018
 - Kandidatar må ha helseprofesjonsutdanning
 - Kandidatar må vera tilsett i eit føretak eller privat, ideell institusjon med avtale med Helse Vest
 - Kandidatar kan ikkje vere eldre enn 50 år
 - Stipenda skal ha ei varighet på mellom eitt og tre årsverk
 - Stipenda kan takast ut i 50 til 100 prosent stilling, dette kan variera gjennom stipendperioden
 - Søkjjarinstitusjon må bidra med 25 prosent av finansieringa som eigenandel

Det blei vidare diskutert korleis ein kan stimulera til at resultat frå prosjekt med finansiering frå Helse Vest blir publisert i open access tidsskrift. Det blei konkludert med at tida ikkje er moden for eit krav om slik publisering, men det må presiserast til søkarar at Helse Vest oppmodar til open access publisering og at driftsmidler frå Helse Vest kan nyttast til kostnadar knytt til dette.

Vedtak

- Samarbeidsorganet vedtar utlysingstekst, rammer og retningslinjer for fordeling av forskingsmidlar 2018 med dei endringar det var einigheit om i møtet.

Sak 09/2017 Samansetjing av evalueringskomité 2018

Evalueringskomiteen består av 16 fagfeller som dekker eit bredt utval fagmiljø, inkludert kliniske forskingsmiljø, grunnforskning/translasjonell forskning og samfunnsmedisin/helsefag. Hovudkomiteen blir leda av Inger Thune frå Oslo Universitetssykehus/Universitetet i Tromsø.

Fem fagfeller er erstatta i komiteane i år samanlikna med i fjor. Den kompetansen som er gått ut er i hovudsak erstatta.

Samarbeidsorganet påpeika at komiteen er Oslo-dominert og at det er få kvinner. Ein bør aktivt jobbe for å få inn fleire kvinner og fagfeller frå andre regionar enn Helse Sør-øst i dei komande åra.

Vedtak

- Samarbeidsorganet vedtar samansetnad av evalueringskomiteen for dei søkbare forskingsmidlane i Helse Vest 2018

Sak 10/2017 Oppfølging av forskingsstrategi

Samarbeidsorganet diskuterte oppfølging av Forskingsstrategi 2016-2019 også i sitt møte i april 2017. Fleire av momenta frå denne diskusjonen blir følgt opp:

- 1) Nye kriterier for evaluering av nytte og kvalitet i søknadar om forskingsstøtte blei innført i 2016. Sekretariatet følger opp instruksjon til vurderingskomiteane korleis ein skal forstå og praktisera kriteria.
- 2) Kontraktar for forskingsmidlar skal inkluderast ein formulering om at det er forventa av prosjektleiar å bidra til kommunikasjonstiltak ved behov. Sekretariatet legg til rette for ei slik presisering i kontraktar.
- 3) Kommunikasjonsavdelingane i dei ulike institusjonane skal inviterast til ein dialog med samarbeidsorganet om moglege kommunikasjonstiltak. Sekretariatet legg til rette for dette andre halvår 2017.
- 4) Strategien omtaler behov for å utvikla felles insentivordningar og administrative funksjonar for å stimulere til konkurransedyktig forskning. Dette vil bli diskutert i arbeidsgruppa som er nedsett for å følgje opp Husebekk-rapporten.

Det er behov for ein revisjon av strategien på enkelte punkt. Samarbeidsorganet diskuterte fleire punkt der strategien må endrast.

- 1) Strategien omtaler per i dag ikkje rolla til Høgskulen på Vestlandet. Ei presisering av ordlyd for å synleggjera at høgskulen no er ein del av samarbeidsorganet må gjerast i revidert strategi.
- 2) Strategien omtaler per i dag ikkje innovasjon. Forsking og innovasjon heng tett saman og det regionale samarbeidsorganet skal ivareta begge deler. Innovasjon må inkluderast i strategien på ein hensiktsmessig måte.
- 3) Det er ikkje definert korleis ein skal forstå omgrepet «helseforskning». Det må vurderast om og eventuelt korleis dette skal presiserast i revidert strategi.
- 4) Det er usikkert kva for ein effekt det eksisterande utstyrsregisteret har hatt og det må vurderast korleis det eventuelt kan endrast og gjerast meir nyttig for forskarar i regionen.

Det må setjast ned ei arbeidsgruppe som kan diskutere korleis strategien kan reviderast på ein hensiktsmessig måte.

Vedtak

- Samarbeidsorganet ber sekretariatet jobbe vidare med revidering av strategien i samsvar med diskusjonen i møtet

Sak 11/2017 Status for forskingskonferansen

Helse Vest sin forskingskonferanse 2017 blir arrangert på Solstrand 26.-27. oktober. Programmet for konferansen er no klart og invitasjon til påmelding blir sendt ut før sommaren.

Samarbeidsorganet kommenterte at det berre er mannlege føredragshaldarar på programmet og ber om at ein prioriterer ein betre kjønnsbalanse når ein set saman programmet for komande år.

Vedtak

- Samarbeidsorganet tar informasjonen til orientering

Sak 12/2017 Orienteringssaker1. *HRCS-klassifisering av forskningsaktivitet i institusjonane*

Forskningsrådet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal ta stilling til korleis ein kan bruke HRCS-systemet for å klassifisere all helseforskning i institusjonane (universitet, sjukehus og institutt). Sølvi Lerfald frå Helse Bergen, Fredrik Feyling frå Helse Stavanger og Eyvind Rødahl frå Universitetet i Bergen representerer institusjonane i regionen i arbeidsgruppa. Det er venta at arbeidsgruppa skal konkludera i løpet av 2017.

2. *Arbeidsgruppe for oppfølging av Husebakk-rapporten*

Samarbeidsorganet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal følgje opp Husebakk-rapporten. Arbeidsgruppa har sitt første møte 18. august og får følgjande samansetjing:

- Baard-Christian Schem, Helse Vest (leiar)
- Robert Bjerknes, Universitetet i Bergen (nestleiar)
- Anne Lise Kvalevaag, Helse Fonna
- Gro Anita Fønnes Flaten, Høgskulen på Vestlandet
- Gunnar Mellgren, Helse Bergen
- Kristin Akerjordet, Universitetet i Stavanger
- Nina Langeland, Universitetet i Bergen
- Stein Tore Nilsen, Helse Stavanger

Sak 13/2017 Eventuelt

Det blei ikkje meldt inn saker.

**Neste møte i Samarbeidsorganet blir torsdag 21. september kl 10:30 – 14:30 på Clarion Hotel
Bergen Airport**